

KOMMISJONSVEDTAK**2008/EØS/38/16**

av 28. januar 2005

om visse utfyllende overgangsgarantiar for Danmark med omsyn til endringa av statusen for denne staten som område der det ikkje skal vaksinerast mot Newcastle disease(*)*[meldt under nummeret K(2005) 143]*

(2005/65/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 90/539/EØF av 15. oktober 1990 om krav til dyrehelse ved handel med fjørfe og rugeegg innenfor Fellesskapet og ved innførsel av fjørfe og rugeegg fra tredjestater⁽¹⁾, særleg artikkel 12 nr. 2 og 3, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Ved kommisjonsvedtak 91/552/EØF av 27. september 1991 om fastsettelse av Danmarks status med hensyn til Newcastle disease⁽²⁾ vart det fastsett at Danmark har status som ein medlemsstat der det ikkje skal vaksinerast mot Newcastle disease i samband med handel innanfor Fellesskapet med og import frå tredjestatar av levande fjørfe.
- 2) Som følgje av den nyaste utviklinga av situasjonen når det gjeld Newcastle disease har Danmark sett seg føre å innføre vaksinasjon av fjørfe mot denne sjukdommen, og statusen til Danmark som medlemsstat der det ikkje vert vaksinert mot denne sjukdommen, bør difor opphevast i samsvar med direktiv 90/539/EØF.
- 3) For at den noverande helsesituasjonen for fjørfe i Danmark ikkje skal forverrast i den innleiande fasen av vaksinasjon mot Newcastle disease, bør det for eit visst tidsrom fastsetjast overgangsreglar om tilleggsgarantiar for sendingar til Danmark.
- 4) Difor bør Danmark få visse tilleggsgarantiar, som kan omfatte undersøking av levande fjørfe slik det er fastsett i kommisjonsvedtak 92/340/EØF⁽³⁾ om undersøking for å påvise Newcastle disease før sending.
- 5) Vedtak 91/552/EØF bør difor opphevast.

- 6) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1***Verkeområde og føremål**

Dette vedtaket skal nyttast på handel innanfor Fellesskapet med fjørfe, slik det er definert i artikkel 2 nr. 1 i direktiv 90/539/EØF, som skal sendast til Danmark frå medlemsstatar som ikkje har status som område der det ikkje skal vaksinerast mot Newcastle disease slik det er fastsett i artikkel 12 nr. 2 i det nemnde direktivet, og frå tredjestatar.

*Artikkel 2***Førehandsløyve for fjørfesendingar til Danmark**

Det skal søkjast om førehandsløyve frå den rette veterinærstyresmakta i Danmark før fjørfeet vert sendt. Den nemnde søknaden om førehandsløyve skal omfatte opplysningar om kva type vaksine og kva for ei vaksinasjonsordning som vert nytta ved vaksinerings av fjørfe mot Newcastle disease.

*Artikkel 3***Prøvetaking og undersøking av fjørfe som skal sendast til Danmark**

Den rette styresmakta i Danmark kan krevje at fjørfeet vert undersøkt i samsvar med artikkel 1 og 2 i vedtak 92/340/EØF, samstundes som det vert teke omsyn til dei opplysningane som skal gjevast i samsvar med artikkel 2 i dette vedtaket.

*Artikkel 4***Avvising av sendingar av fjørfe til Danmark**

Dersom Danmark, samstundes som det vert teke omsyn til dei opplysningane som er fastsette i samsvar med artikkel 2 i dette vedtaket og utfallet av den undersøkinga som er nemnd i artikkel 3 i dette vedtaket, tek avgjerd om å forby innførsel av ei sending med fjørfe på territoriet sitt, skal Danmark melde frå til Kommisjonen og dei andre medlemsstatane eller tredjestatane som det gjeld, om grunnane for avgjerda si.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 27 av 29.1.2005, s. 52, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 138/2005 av 2. desember 2005 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantasentære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 10 av 23.2.2006, s. 4.

⁽¹⁾ TEF L 303 av 31.10.1990, s. 6. Direktivet sist endra ved forordning (EF) nr. 806/2003 (TEU L 122 av 16.5.2003, s. 1).

⁽²⁾ TEF L 298 av 29.10.1991, s. 21.

⁽³⁾ TEF L 188 av 8.7.1992, s. 34.

*Artikkel 5***Oppheving av vedtak 91/552/EØF**

Vedtaket 91/552/EØF vert oppheva.

*Artikkel 6***Brukstid**

Dette vedtaket skal nyttast inntil 28. februar 2006.

*Artikkel 7***Adressatar**

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfærdet i Brussel, 28. januar 2005.

For Kommissjonen

Markos KYPRIANOU

Medlem av Kommissjonen
